

# AVTALE OM HEIMEKOMPOSTERING / VÅTORGANISK AVFALL TIL DYREFOR.

## Mellom FØRDE KOMMUNE og:

Namn:.....

som eigar/leigar av gnr..... bnr.....

Adresse:.....

Tlf.nr.:.....

Underteikna pliktar seg til å heimekompostere eller gje alt våtorganisk avfall til eigne dyr slik at det ikkje på noko tidspunkt vert levert våtorganisk avfall i nokon av renovasjonsdunkane eller til gjenbruks-stasjonane som finst i SUM-kommunane. Underteikna pliktar til ei kvar tid å fylgje reglane i den kommunane renovasjonsføresega, og er klar over at brot fører til at avtalen straks opphøyrer og at ein må betale vanleg renovasjonsgebyr i opptil 3 år samt at ein kan bli ilagt anna gebyr i medhald av regelverket.

### 1. HEIMEKOMPOSTERING:

#### Krav til avtaleunderskrivaren og husstanden.

- Arbeide aktivt med avfallsminimering av hushaldsavfallet, sortere avfallet i dei fraksjonar som det til ei kvar tid er ordningar for, varnkompostere alt det våtorganiske avfallet.
- På førehand tileigne seg kunnskap om drift av ein varnkompostbinge.
- Bingen skal vere eigna til bruken: lukka, tett og isolert med tilstrekkeleg lufttilføring. Sjå liste over miljømerka bingar .
- Ha tilstrekkeleg mengde tørt strø tilgjengeleg til ei kvar tid, minimum 10 liter.
- Bingen skal plasserast på drenerande underlag og/eller drivast i samsvar med bingeproduzenten si tilråding. Det skal ikkje vere avsig eller lukt som er til sjenanse for nokon.
- Kommunen eller SUM har rett til å kontrollere bingen, komposteringa og ferdigkomposten til ei kvar tid, og desse instansane har rett til å pålegge endringar eller heve avtalen/pålegge ekstragebyr dersom komposteringa ikkje vert driven i medhald av denne avtalen, jamfør Forureiningslova og renovasjonsforskriftene.
- Når avtale er underteikna partane, vert renovasjonsgebyret justert i samsvar med ei til kvar tid gjeldande renovasjonsforskrift/gebyrforskrift.

### 2. BRUK AV ALT VÅTORGANISK AVFALL SOM DYREFOR:

- Underteikna pliktar seg til å bruke alt våtorganisk avfall heile året til eigne dyr som kan nyttiggjere avfallet.
- Kommunen eller SUM har rett til å kontrollere at det til ei kvar tid finst dyr hos abonnenten som kan nyttiggjere seg alt det våtorganiske avfallet, og desse instansane har rett til å pålegge endringar eller heve avtalen/pålegge ekstragebyr dersom denne avtalen vert misleghalden, jamfør Forureiningslova og renovasjonsforskriftene.
- Avtaleunderskrivaren og husstanden er merksam på at dei som utfører renovasjonen på vegner av kommunen eller SUM, er pålagt å ta stikkprøver eller visuell/lukt-inspeksjon av abonnenten sine renovasjonsbeholdningar, og at rapport etter slike kontrollar kan gje grunnlag for reaksjonar i medhald av regelverket.
- Når avtale er underteikna partane, vert renovasjonsgebyret justert i samsvar med ei til kvar tid gjeldande renovasjonsforskrift/gebyrforskrift.

**Denne avtalen gjeld:** Våtorganisk avfall til eigne dyre \_\_\_ / heimekompostering \_\_\_  
(set X for det du søkjer om).

Bingetype m/vedlagt kjøpskvittering:.....

Kva dyr som nyttiggjer seg avfallet:.....

Dato:..... Eigar/leigar.....

Myndigheit til godkjenning føl renovasjonsføresegnene og gebyrregulativet. Kommunane kan godkjenne avtalene, men ved avslag, klager o.l. skal abonnenten vende seg til SUM.

Avslag på søknad medfører klagerett etter forvaltningslova § 27, tredje ledd.

For FØRDE kommune.....